

Invitasjon til å delta i nettverk for førebygging av vald og overgrep

Vil kommunen din bli betre på å beskytte, og hjelpe barn og unge som står i fare for, eller blir utsett for vald og overgrep?

Statsforvaltaren vil, i samarbeid med Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS Vest), Regionalt kunnskapssenter for barn og unge (RKBU Vest) og Kompetansesenter for rus (KORUS Bergen) invitere kommunar som ønskjer å bli enda betre på å førebygge vald og overgrep mot barn og unge, med i et læringsnettverk. Formålet med nettverket er å auke kompetanse, dele erfaringar og gode døme på tvers av kommunegrenser og tenesteområde når det gjeld førebygging og handtering av vald og overgrep. Vi legg til rette for at deltakarane i nettverket kan få gode faglege diskusjonar, og etablere kontakt med andre med liknande oppgåver og ansvar frå andre kommunar. Vi vil også tilby opplæring i nokre verktøy og modellar som kan være relevant i dette arbeidet, og gje dei kommunane som ønskjer det støtte til å ta i bruk og integrere desse verktøya i den ordinære drifta.

Korleis sikrar din kommune at barn, og tilsette har nok kunnskap om vald og overgrep?

Alle tilsette i kommunale tenester som møter barn og unge skal ha kunnskap og kompetanse til å fange opp signal på at barn eller ungdom kan vere utsett for vald eller overgrep. Dei tilsette skal også ha kunnskap og tryggleik nok til å snakke med barnet om det dei ser, og kva dei er uroa for. Vidare skal dei tilsette vite korleis dei skal handtere slik informasjon, korleis dei skal ivareta barnet, og kven i kommunen dei skal kontakte om dei mistenkjer at barnet har blitt eller blir utsett for vald eller overgrep, og korleis dei skal reagere om dei har grunn til å tru at eit barn kan bli utsett for vald eller overgrep. Det er kommunen sitt ansvar å sørge for at alle tilsette som møter barn og unge har denne kompetansen. Les meir om dette i rettleiaren: [Tidlig oppdagelse av utsatte barn og unge](#)

Vi gjennomførte ei kartlegging i november 2021 blant tenesteleiarar i relevante kommunale tenester i Vestland, der vi spurte korleis dei vurderte kompetansen til dei tilsette på dette området. Ein urovekkande stor del av leiarane meinte at dei tilsette ikkje hadde god nok kompetanse på å fange opp, snakke med og handle ved uro for at barn var utsett for vald eller overgrep. Sjå meir om funna i kartlegginga her: [Fleire kommunar må bli betre på å førebygge vald og overgrep mot barn og unge](#)

Kartlegginga tyder også på at mange kommunar ikkje har god nok systematikk for korleis dei skal sikre at alle nyttilsette får denne opplæringa, og heller ikkje gode nok system for korleis dei tilsette skal vedlikehalde den kompetansen dei tileignar seg. Å snakke med born om krevjande tema, er noko som ein må øve på for å kjenne seg trygg nok til å handtere det som kan kome av informasjon. For å kunne gje dei borna og ungdommane som er utsett for vald og overgrep trygge vaksne å snakka med, må kommunen legge til rette for at dei tilsette kan få påfyll av kompetanse og moglegheit til å trene på ferdigheitene. Dette er ei grunnleggande forutsetning for å kunne gje rett hjelp til rett tid, og for å kunne førebygge unødig store psykiske og fysiske helsevanskar for dei det gjeld.

Uforpliktande informasjons- og innspelsmøte

Vi inviterer alle kommunar i Vestland til eit uforpliktande møte for å få meir informasjon om kva planar vi har for dette nettverket, og til å gje innspel til korleis eit slikt nettverk kan bli mest mogleg nyttig for kommunane. Vi har også invitert Kvinnherad og Ullensvang kommune som over fleire år har satsa på å auke kvaliteten på det valds- og overgrepssførebyggande arbeid til å deile kva erfaringar dei har gjort seg.

Møtet vert digitalt på Teams, den 25. oktober frå kl. 09.30-11.30

Alle interesserte kan melde seg på her:

[Informasjons- og innspelsmøte Nettverk for førebygging av vald og seksuelle overgrep](#)

Dei påmeldte vil få tilsendt møtelenke to dagar før møtet.

Vi håpar at møtet vil gje dykk eit godt grunnlag for å kunne vurdere om de ønskjer å delta i nettverket. Vi tek sikte på oppstart av nettverket 5.-6. desember 2023. Litt avhengig av økonomi og kor mange som melder seg på, ønskjer vi å starta med ein fysisk lunsj til lunsj samling for å bli litt kjende. Det kan òg være eit alternativ å gjennomføre første samling digitalt den 6. desember. Dette er eit av spørsmåla som vi gjerne vil ha innspel frå kommunane på den 25. oktober.

Kven er nettverket relevant for?

Nettverket vil være relevant for alle kommunar som ønskjer å arbeide systematisk for å sikre at alle tilsette som møter barn, unge og foreldre har naudsynt kompetanse til å fange opp signal på at born ikkje har det bra, trygghet til å snakke med barna om det dei ser, og handlingskompetanse til å vite korleis dei kan hjelpe barn og unge som dei anten veit eller mistenkjer har vore utsett for vald eller overgrep.

RVTS har ulike tilbod om opplæring og støtte til å ta i bruk og implementere i verktøya [«Jeg vet»](#) og [«Snakke»](#) for dei kommunane som ønskjer å ta desse verktøya i bruk. I tillegg er det utvikla en digital portal med støttemateriell og opplæringsfilmar som heiter [«Trygg til handling»](#) som de vil bli betre kjent med gjennom deltaking i nettverket. For kommunar som har tatt i bruk andre modellar, program eller verktøy i det valdsførebyggande arbeidet, vil vi oppfordre til å dele med nettverket kva erfaringar de har gjort. Vi vil også tilby støtte til implementeringsarbeid om de har behov for det. Vi vil også legge til rette for å bli kjent med den nye nettressursen: [Implementere- hjelper deg med å hjelpe andre](#)

Kven frå kommunen bør delta i nettverket?

Dette blir sjølv sagt opp til den ein skilde kommune å avgjera, men vi vil råde kommunen til å peike ut minimum to personar som har nøkkelroller knytt til anten det valdsførebyggande arbeidet, eller som har ansvar for å sikre at tilsette i skule og barnehagar har naudsynt kompetanse. For større kommunar vil det nok være nyttig å delta med fleire personar. Det viktige er å sikre at de har med nokon som kan ta med seg kunnskapen tilbake til kommunen, og som har interesse for, og mandat til å spreie kunnskapen vidare i kommunen til dei som treng det. Til dømes kan valdskoordinator, opplæringsansvarlege eller BTI-koordinator ha ein posisjon i kommunen som kan gje gode rammer for slike oppgåver. Det er særst viktig at dei som deltek i nettverket har tid og mynde til å spreie kunnskapen vidare i kommunen.

På nokre møte i nettverket kan det òg være aktuelt å invitere inn kommunale leiarar med ansvar for dei aktuelle tenestene. Til dømes for å rette merksemda på kommunale planar, strukturar for opplæring og internkontroll som verktøy for å sikre at alle tilsette har naudsynt kompetanse.

Dei fleste nettverksmøta vil være digitale, men vi legg opp til minst eit fysisk møte/samling per år.

Folkehelse, oppvekstreform og førebyggjande plan

Godt samarbeid mellom tenestene, klar ansvarsdeling, naudsynt kompetanse og godt førebyggjande arbeid er sentralt for å lukkast med intensjonen bak nytt lovverk, og nye krav til kommunane i samband med oppvekstreforma. Vi trur at å auke tryggleiken og kompetansen til tilsette i alle tenester som møter barn, unge og foreldre er ein heilt sentral grunnstein for å kunne gje barn og unge som treng det rett hjelp til rett tid.

Menneske blir utsett for vald og overgrep angår oss alle. Vi veit at barn, unge, vaksne og eldre i alle samfunnslag vert utsett for vald og seksuelle overgrep. Vald og overgrep har fyrst og fremst følgjer for dei som vert utsett, og kan føre med seg store fysiske, psykiske og sosiale vanskar på kort og lang sikt. Men vald og seksuelle overgrep er også eit folkehelse- og samfunnsproblem med store kostnader. Samfunnet skal ha tilbod til dei dei utsette som treng det i tenester som barnehage, skule, psykisk- og fysisk helseteneste, barnevern, krisesenter, sosialtenester og politiet. Rett hjelp til rett tid kan redusere konsekvensar og kostnadar både for den einskilde, og for samfunnet.

Vi håpar at nettverket kan bidra til at vi saman blir enda betre på å oppdage, handle og gje rett hjelp når det trengs.

Har de spørsmål før møtet kan de ta kontakt med:

Bente Cecilie Foss: bente.foss@statsforvaltaren.no hjå Statsforvaltaren i Vestland

Linda Renate Kvalvik: linda.renate.kvalvik@helse-bergen.no hjå Ressurscenter om vald, traumatisk stress og sjølvmoordsførebygging (RVTS Vest)